

DET MIDTHORDLANDSKE
DAMPSKIBSSELSKAB AS
Holtbrekka 7
5200 OS

Dato: 05.05.2017
Vår ref.: 2016/10063-27
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

M/S Midthordland - Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2017 Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy.

Søknaden vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 26.04.2017, sak 51/17.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit tilskot på **kr 80.000,-** av fylkeskommunale midlar, budsjettpost 10.400.650.09 og frå statsbudsjettet 2017 kap 1429 post 74.

Grunngjeving

Årlege sertifiseringar av utstyr og personell.

Tidsavgrensing

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

Rapportering

Tilskotsmottakar skal rapportera om status innan utgangen av tildelingsåret og endeleg rapport må innleverast innan 15. november i det påfølgande år.

Rapporten skal innehalde:

- Relevant dokumentasjon som klart viser korleis drift og forvaltning er gjennomført og om måla er nådd
- Utgreiing av gjennomført drift og eventuelle avvik frå budsjett/planen for arbeidet
- Rekneskap med oversikt over kostnader og samla finansiering, spesifisert på:
 - o Stat/fylkeskommune
 - o Kommune
 - o Tilskot frå andre offentlege organ (t.d. Kulturrådet, Kulturminnefondet)
 - o Anna finansiering (spesifisert)
 - o Eigeninnsats/eigen finansiering

Søkjjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom ein ønsker å gjere vesentlege avvik frå søknaden.

Om tilskotsmottakar er knytt til revisor og tilskotet er kr 300 000 eller høgare, skal tilskotsmottakar òg sende inn revidert årsrekneskap, signert av tilskotsmottakar, evt. ved styret. Det krevjast òg særattestasjon frå revisor på rekneskapen og evt. timelister knytt til arbeidet/tiltaket/prosjektet.

Fylkeskommunen kan uavhengig beløp på tilskotet krevje at det vert sendt inn kopiar av bilag til rekneskapet.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Misleghald

Om kostnadene vert rimelegare enn budsjettert i søknad, eller om drifta ikkje vart gjennomført etter føresetnadene, skal dei overskytande midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom mottakar gir uriktige opplysningar eller det ligg føre vesentlege avvik frå søknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Arbeidsgjevaransvar

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei som skal utføra arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

Utbetaling

Utbetaling skal normalt skje etter oppmoding frå mottakar av tilskotet saman med rapport og rekneskap. Forskotsutbetaling kan avtalast særskilt.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

- 1 Aksept av vilkår for tilskot
- 2 Retningslingjer

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.